

RÅD OG TIPS OM LADING AV ELBIL



Vanlegaste løysningar for lading av elbil heime vert kalla «Modus 2» og «Modus 3».



- **Modus 2:**

Lading med vanleg stikkontakt.

I praksis er dette lading med ladekabel som er levert med bilen.

Maks sikringsstorleik for denne type lader er 10 ampere.



- **Modus 3:**

Veggmontert lader med fast kabel eller med stikkontakt type 2.

Normalt kan denne type lader sikrast med 16 eller 32 ampere, men kan også nyttast som semi-hurtiglading på 63 ampere, om det er tilgjengeleg effekt.

Elbil-lading med vanleg stikkontakt (Modus 2).



- Dersom det skal ladast med vanleg stikkontakt, må følgjande krav tilfredstillast:
- Maks tillat sikring 10 ampere.
- Jordfeilbrytar type B, med utløysestraum på maks 30 milli-ampere.
- Overspenningsvern.
- Ladeboks som er montert på ladekabel, skal henga med eigna feste ved stikkontakt.
- *(i tillegg må du alltid trekke ut kablen frå bilen, før du tek støpselet ut av stikkontakten).*

Lading med ladestasjon "Modus 3"



- For trygg lading av elbil heime, vert det anbefalt montasje av ladestasjon modus 3.

Fordel:


Tryggare enn lading med tradisjonell stikkontakt.

Raskare lading.

Enklare lading.

Eu har vedteke at modus 3 skal brukast på offentlege ladestasjonar.

Grunnen til at ein ikkje skal lade på eksisterande stikkontakt.



- Erfaring viser at vanlege stikkontaktar taklar ikkje høgare ladestraum enn 10 ampere over tid.
- Dette fører til varmgang og smelteskadar. Slike skadar inneber stor risiko for brann.

Bruk av skøyteleidning.



- Unngå bruk av skøyteleidning.
- Bruk av skøyteleidning gjev vesentleg auka fare for varmgang med tilhøyrande brannfare.

Før lading av elbil heime



- Før ein ladar elbil heime, bør ein installatør sjekka at dei elektriske installasjonane er dimensjonert for lading av elbil.

NYTTIG HEIMESIDE!!

<http://www.elsikkerhetsportalen.no/>

